

Atle Døssland

Om å studere organisasjonar i lokalsamfunn



HØGSKULEN I VOLDA



MØREFORSKING

2009

Forfattar	Atle Døssland
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	0805-8075
Sats	Forfattar
Distribusjon	http://www.hivolda.no/fou

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Notatserien er for ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, foredrag, artikkelutkast o.a. Eit hovudføre mål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Spreinga går i hovudsak til fagmiljøet i Volda, til eksterne fagmiljø og personar som forfattar(ar) ønskjer kommentarar frå. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid.

Innhald

Innleiing	4
Kjelder om lokale organisasjonar	4
Viktige problemstillingar	5
Årsaker til at laget kom i gang	6
Organisasjonen i etableringsfasen	7
Den demokratiske prosessen i organisasjonen	9
Verksemda – omfang og type	10
Organisasjonen og bygdefolket	11
Organisasjonsmedlemene si rolle i bygdesamfunnet elles	12
Dei kristelege og frilynde laga i endring	13
Dei bygdeinterne årsakene til omlegging i kristlege organisasjonar	15
Dei bygdeeksterne årsakene til omlegging	16
Dei frilynde i ideologiseringsfasen	17
Dei frilynde i avideologiseringsfasen	18
Konklusjon	20
Litteratur	21
Vedlegg: Avisinnlegg om den frilynde ungdomsrørsla. Sogndal 1921	22

Innleiing

Lagshistorie er egentleg ikkje noko forsømt felt. Det finst mengder av jubileumsskriv, og dei fleste lokalhistoriske verk gjev plass for organisasjonane. Ved sida av å skildre ymse høgdepunkt i lagshistoria nøyer ofte desse oversyna seg med å konstatere når laget kom i gang, kven som var initiativtakarar, kven som sat i styret til ulike tider og kor vidt laget skaffa seg eige møtehus. I lokalhistoriske verk har kapittelet om organisasjonar ein tendens til å bli ståande heilt isolert og altså lite integrert i framstillinga elles. Det som står om organisasjonen, vert difor ikkje alltid så interessant for utanforståande. I dette notatet er omgrepa organisasjon, lag og foreining brukt om einannan som synonyme.

Dette notatet gjev innføring i det å studere organisasjonar/lagsliv i lokalsamfunn. Vi presenterer ulike problemfelt som vi meiner bør stå sentralt, og gjev døme på korleis ein kan problematisere stoffet med utgangspunkt i lagsarkiv og andre aktuelle kjelder. I denne gjennomgangen ligg hovudvekta på aktiviteten til kristlege organisasjonar, men det er såpass generelt at det også skal gje overføringsverdi til studie av andre typar organisasjonar. I andre delen av notatet vil vi på denne bakgrunnen drøfte skilnader i vanleg utvikling av kristlege organisasjonar og frilynde ungdomslag fram til 1940-åra.

Kjelder om lokale organisasjonar

Lokale frivillige organisasjonar har ei såpass stutt historie at munnlege kjelder gjerne vil stå sentralt. Her er det nok å minne om dei vanlege kjeldekritiske problema ved bruk av munnlege informantar.¹ Det er grunn til å understreke poenget til Bjørn Bering om at ein får mykje meir ut av ei munnleg kjelde dersom ein på førehand har sikra seg ein bra basiskunnskap om organisasjonen og det han arbeidde for. ”Mange har sikkert opplevd at det inspirerer forteller-glade informanter når det viser seg at også intervjueren vet hva det er snakk om”.²

Ein kjem likevel ikkje unna lagsarkivet, eller det som måtte finnast att av det. Problemet er at lagsarkiva kan vere spreidde for alle vindar rundt om i fleire heimar, og at mykje er bortkome. Ein kan også oppleve at privatpersonar nærast oppfattar lagsarkivet som sin eigedom og ikkje vil låne det ut – av og til fordi der finst ting som dei meiner ikkje bør komme fram i lyset.

Lagsarkivet inneheld oftast vanlege møteprotokollar, kanskje med ein eigen serie av styreprotokollar. Nokre gonger er også årsmeldingar innførte i desse protokollane, men ofte må ein til krinsorganisasjon eller sentralorganisasjon for å finne årsmeldingane. I starten på møteprotokollen kan ein også ofte finne dei vedtekne lovene for laget. Desse er mindre interessante om dei berre er avskrifter av normalstatuttar for fleire liknande lag rundt om i bygd og by. Dersom lova er utforma lokalt, kan ho vere av stor verdi for oss.

¹ Sjø Slettan 1977.

² Bering 1989: 168.

Rekneskapsprotokollar kan innehalde interessante opplysningar, og nærare studie her kan fortelje noko om omfanget av verksemda og posisjonen til laget i lokalsamfunnet. Det kan også finnast eigne rekneskap knytt til særlege tiltak som bygging og seinare drift av møtehuset til laget, kanskje også om utleige av heile huset, eller utleige av kjøkkenutstyr og anna inventar til private tilstellingar.

Medlemslistene er slett ikkje alltid tekne vare på. Men det er viktig å prøve å skaffe seg desse fordi ein rekrutteringsanalyse kan fortelje svært mykje om laget. Av og til er det uklart kva tidspunkt medlemslistene stammar frå. Dei opphavlege medlemslistene er kanskje berre supplerte med nyinnmeldingar frå seinare tidspunkt, utan at det går klart fram kva tid dei nye har komme til, og heller ikkje kva tid gamle medlemmer har falle ifrå, eller har meldt seg ut.

Det meste i lagsarkivet er summariske opplysningar. Møteprotokollane nemner kva saker som har vore oppe, og kva vedtak som vart gjort, men sjeldan kva som vart sagt i debatten og kva løynde motiv og hendingar som ofte kunne ligge bak. Her er det altså viktig å supplere med munnlege kjelder. Særleg i organisasjonar som sikta seg inn mot ungdom, var det vanleg å ha handskrivne lagsaviser berekna på opplesing. Desse kan gje ei viss innsikt i kva medlemene, eller i alle høve ein skrivefør elite, var opptekne av. Nokre årsmeldingar nemner også debatttema på særskilde debattmøte.

I eldre tid er nokre organisasjonar nemnde i amtmannens 5-årsmeldingar eller andre embetsmannsrapportar (t.d. ved bispe- eller prostevisitasar). Seinare kan det gje bra utbytte å gå igjennom årgangar av lokale og regionale aviser. Her kan det stå referat frå stemne og tilstellingar, utflukter o.a. Kanskje er organisasjonsmedlemmer aktive i den offentlege debatten. Elles kan annonsar for tilstellingar fortelje ein god del.

Sjølvsagt treng ein andre typar kjelder som ikkje er produserte av lagsmedlemmer til støtte i analysen, slik som folketeljingslister i samband med medlemsanalyse. Den offentlege statistikken som er bygd på folketeljingane er også eit viktig hjelpemiddel. I nyare tid kan det finnast viktig stoff om organisasjonar i samband med kommunalt planarbeid, og etter som stadig fleire organisasjonar har søkt offentlege midlar, kan det ligge både rekneskap og andre opplysningar i arkiva til både kommunane og andre instansar som har gjeve tilskot etter søknad.

Viktige problemstillingar

Kva skal vi legge vekt på når vi skriv om ein organisasjon? Det er i alle fall opplagt at ein må ha ei kritisk haldning og ikkje berre framheve dei positive rollene til organisasjonen. Det kan også vere farleg å sjå på organisasjonen i vårt lokalsamfunn heilt isolert. Vi må lese om denne typen organisasjonar også i andre distrikt og gjerne på landsplan. Det er viktig å finne ut om vår organisasjon har særtrekk. Særtrekk bør ein alltid henge seg opp i.

Kvifor kom organisasjonen i gang (seint, tidleg)? Fylte han eit tomrom, skulle han verke som ideologisk motvekt mot noko anna? Kva var eigentleg formålet? Ein må ha eit vake auge for skilnader mellom eit formelt formål eller funksjon og eit reelt formål eller funksjon. Den formelle (manifeste) funksjonen treng ikkje alltid å samsvare heilt med den reelle (latente) funksjonen. Det

å vere eit sosialt tilbod er kanskje viktigare enn den ideelle målsetjinga som er framheva i lovene. Oppgløding for sjølve det formelle formålet vert ofte teke som sjølvstøtte, og som einaste årsak til oppslutninga i jubileumsskriv og festtalar.

Kva med aktiviteten, var han utettervend (inklusiv) eller innovervend (eksklusiv)? Endra formålet og verksemda seg på vesentlege måtar? I så fall kvifor? Kven var med? Dette bør ikkje berre gjelde kven som sat i styret. Geografisk spreing, yrkesgrupper, alder, innslag av innflyttarar, familierekruttering er variablar som kan fortelje noko viktig om organisasjonen. Korleis rekrutterte ein nye medlemmer?

Kva rolle spela pengeinnsamling i verksemda? Korleis fekk dei inn pengane? Var målet avgrensa til å skaffe pengar nok til vanleg lagsdrift, eller var pengeinnsamlingar eit mål i seg sjølv til formål som låg utanfor sjølve den lokale lagsdrifta? Hadde lokallaget ei sjølvstendig eller ei klart underordna stilling i høve til krinsorganisasjonar eller landsomfattande organisasjonar?

Vart laget møtt med sympati i lokalsamfunnet, eller var det kontroversielt, slik at det måtte gjennom ein lengre periode før det vart godteke (legaliseringsprosess)? Kva rolle spela medlemene elles i lokalsamfunnet? Alt dette er aktuelle problemstillingar, mange fleire kunne føyast til. Nokre av dei skal vi eksemplifisere nærare i det følgjande.

Årsaker til at laget kom i gang

Noko av det som i alle fall til ein viss grad opptek dei fleste som skriv lagshistorie, er årsakene til at laget kom i gang. Dette er av dei ting ein aldri kan gje fullstendig svar på. Men det er sjeldan å finne noko inngående årsaksanalyse. Vanlege forklaringar er:

”Det var oppe i tida”. Dette inneber vel tankar om at organisasjonen vart planta inn i bygdesamfunnet av krefter utanfrå? Vi møter også forklaringar som går på betre allmenn opplysning kombinert med folkeleg oppgløding for sjølve ideen (saka) som laget skulle arbeide for, t.d. fråhaldssaka. Ein kan også knyte dette til generelle teoriar om årsaker til organisasjonsframvekst, til dømes ”tomromsteorien” eller ”instrumentteorien”. Den første dreiar seg om at sidan den liberalistiske og passive staten mot slutten av 1800-talet let ei rekke samfunnsoppgåver ligge, oppstod det tomrom som organisasjonar laut fyllje. På landbygda førte også oppløysingar av gamle fellesskap som klyngetun til sosiale tomrom som også laut fyllast. *Instrumentteorien* går ut på at nye sosiale grupperingar medvite tok i bruk organisasjonar som middel til å vinne makt.³

Av og til er det nemnt at reisande talarar fekk til møte der ideen om å starte lag vart planta. Nokre gonger kunne slike møte føre til religiøse vekkingar som i sin tur gav startskotet til organiseringa. Kanskje satsa tilreisande agitatorar på personar med autoritet og posisjon i lokalsamfunnet (t.d. presten eller prestefrua) til å dra i gang lagsverksemda. Det hender seg vidare at andre konkrete personar er nemnde som sentrale ved lagsskipinga, gjerne lærarar eller andre med litt meir utdanning enn gjennomsnittet og som hadde teke med ideen utanfrå.

³ Try 1985: 33–34.

Folks oppgløding for sjølve ideen eller ideologien kan det kanskje vere grunn til å nedtone meir enn det som ofte vert gjort. Til dømes er det nok tvilsamt å hevde at oppgløding for dei nasjonale ideane var bakgrunnen til dei filynde ungdomslaga. Ofte gav laget det einaste møtetilbodet i bygda, i alle fall når det gjeld møte med ungdomen som målgruppe. Jon Tvinnereim har truleg rett i at laget ført og fremst gav ein stad å møtast, men også sjølv sagt ein stad ein kunne plukke opp noko interessant ("ein stad å vere, ein stad å lære").⁴ Ungdom hadde då som no særleg trong for å møtast. Mangla ungdomslaget kunne det nesten komme på eitt ut om det var ei kristeleg samling, eit fråhaldsmøte eller stovedans, det synest ikkje å ha vore så vanskeleg å samle folk i relativt hendingsfattige bygdesamfunn. Det betydde ikkje at på langt nær alle som møtte fram på eit møte med kristelege predikantar kjende tilhøyrigheit innanfor den kristelege vakte krinsen. Dette endra seg ein del når ein fekk ideologisk konkurranse med polarisering mellom til dømes bedehus og ungdomshus i bygdene.

Gransking av medlemslister i startfasen kan gje tilleggsinformasjon om bakgrunnen for lagskipinga. Kan ein spore spesielt geografiske mønster: høyrde i røynda storparten av medlemene til innanfor avgrensa krinsar eller grender, grannelag? Var det til dømes ulike delar av bygda som rekrutterte til dei frilynde og dei kristelege laga? Kan vi spore mange familieband i medlemsmassen, fortel dette at banda til dei gamle primærgruppene framleis er viktige. Er det særlege sosiale grupper som dominerer, kva med kjønnsfordeling og aldersfordeling? Var det å møtast med slektningar, grannar, jamaldringar o.s.v. viktigare enn sjølve saka laget arbeidde for? Mykje av dette kan ein kartlegge ved å kombinere medlemslistene med opplysningar i folketeljingslistene, eventuelt kombinert med statistikk bygd på folketeljingane.

Organisasjonen i etableringsfasen

Det er særleg interessant å studere organisasjonen i etableringsfasen, og ikkje minst korleis han vart motteken av bygdefolket. Det var ofte ein tendens til at eldre grupperingar som hadde vunne normerande makt, avviste eller motarbeidde nye grupperingar. Til dømes finn vi døme på at personar knytte til eldre kristelege organisasjonar sørgde for at nyetablerte ungdomslag ikkje fekk nytte skulehuset som møtelokale.



Seinare når pengeinnsamlingar stod meir sentralt, kom konkurranseelementet inn på ein annan måte. Det galdt å hindre for sterk konkurranse på ein snever innsamlingsmarknad. Dette kunne også føre til sprik innan den kristelege lekmannsrørsla. Ein prøvde å hindre at nye misjonsgreiner fekk etablere seg, til dømes meir kontroversielle organisasjonar som "Kinamisjonen" (seinare kalla Misjonssambandet). Det hende at eksisterande lag tok opp arbeidet også for den nye greina, delvis for å hindre utskiljing i eigne foreiningar. I Volda tok den gamle presteleidde foreininga for Norsk Misjonsselskap på 1800-talet opp arbeidet også for "Screudermisjonen", Israelmisjonen, Sjømannsmisjonen, Indremisjonen og seinare Santalmisjonen.⁵

⁴ Tvinnereim 1981: 59–76.

⁵ Døssland 1986: 182.

Kven tok initiativet til den nye og kanskje kontroversielle organisasjonen? Var det ein person utanfrå som stod friare i høve til bygdefolket og bygdenormene? Her kan ein studere samansetjinga av styret i etableringsfasen, kanskje av heile medlemsmassen. Var der mange innflyttarar, uavhengige folk (unge, ugifte osv.)? I neste omgang kom smått om senn legaliseringsfasen. Laget vart akseptert og kanskje endrar også medlemsmassen karakter.

I Volda vart det i 1890 splitting i den innankyrkjelege kristelege lekmannsrørsla. Mange melde seg ut av statskyrkja og danna eigne dissentarsamfunn. Dette var sjølvsagt eit drastisk steg å ta. Noko av dette kan ein kanskje spore i at det helst var yngre og ugifte folk som melde seg ut av statskyrkja dei første åra. Men relativt fort må det ha skjedd ei legalisering, som kan tyde på at handlinga hadde sympati i breiare krinsar enn dei som faktisk melde seg ut (sjå figur 1).⁶



⁶ Døssland 1986: 173–88.

Den demokratiske prosessen i organisasjonen

Her står sjølvsagt lover og retningslinjer for laget sentralt som kjelde. Var det ope medlemskap? Kven kunne veljast i styret? Var det årvisse val av styre? Fanst det sjølvskrivne styremedlemer (t.d. presten)? Fanst det retningslinjer for å ekskludere medlemer, la ein opp til streng indre justis? Likevel fortel ikkje lovene alltid så mykje. Vi må vere merksame på at lovene er normative kjelder – dei fortel om intensjon men ikkje nødvendigvis om praksis.

Då kan det vere like interessant å studere prosessen over tid. Var det stor eller lita utskifting i styre og nemnder? Korleis var frammøte på årsmøta. Lite utskiftingar i styret kan tyde på leiar-dominerte organisasjonar med passiv medlemsstokk. Vi finn t.d. ofte mange lokallag for D.N.T. (Det Norske Totalavholdsselskap) der medlemstal betydde meir enn lagsaktivitet. Ein snakka gjerne om ”å skrive seg frå alkoholen”. Medlemskapet og kontingenten vart oppfatta nærast som ein personleg kontrakt om å halde seg unna alkoholen. Medlemstalet i laget kunne då vere høgt, men aktiviteten liten. I minnesamlinga ”I manns minne I” fortel Ola Omvik frå Kvinnherad om korleis faren bad han gå til læraren og skrive seg inn i fråhaldslaget før han reiste frå heimbygda.⁷

Ein litt annan variant finn vi i mange kristelege organisasjonar, der møteaktiviteten rett nok var svært stor, men bar preg av faste rutinar, nærast ritual, og med passiv og i og for seg lite krevjande deltaking av medlemsmassen (oppbyggelege møte og likande). Dette bygde på ein haugiansk tradisjon. I Kvinnherad var til dømes gjennomsnittstida i styret i dei ymse indremisjonsforeiningane frå vel 10 til over 16 år. Gjennomsnittleg sat dei i styret 7 år før dei vart formenn og vart sitjande over 10 år i denne posisjonen. Dette vart altså svært topptunge organisasjonar med nærast sjølvskrivne leiarar. I eitt av laga gjekk aktiviteten i stå då ein slik sjølvskrivne leiar fall frå.⁸

Motsett dette kan vi også finne organisasjonar med store utskiftingar i leinga, og der medlemene i sterk grad vert aktiviserte, mange innanfor medlemsmassen får ofte tildelt spesielle oppgåver. Det er snakk om møtetypar med mykje førebuing, kanskje er møta også nokså hyppige. I nokre tilfelle hadde nok dette samband med at det var lag som var dominerte av unge, ugifte og mobile personar. Det kan vere fråhaldslosjar, frilynde ungdomslag eller kristelege ungdomslag. Dette var rett nok samstundes gjerne ustabile organisasjonar som fungerte ulikt til ulike tider og på ulike stader.

⁷ Bø mfl. (red.) 1967: 288.

⁸ Døssland 1975: 60–65.

Verksemda – omfang og type

Var verksemda stor og allsidig eller lita og ein-sidig? Kva type møte og tilstellingar, eventuelt andre typar tiltak, dominerte til ulike tider? Kvifor forandra dette seg over tid, eller (vert om): kvifor synest verksemda å vere tilstivna og uforandra trass endingar i samfunnet elles? Kvifor blomstra verksemda opp i periodar eller stagnerte i andre?

Døme frå lekmannsrørsla i Kvinnherad fortel at arbeidet for ”ytremisjon” endra seg. I byrjinga var det mannsdominerte medlemsmøte der medlemene ofra litt pengar kombinert med natural-yingar (misjonsåker, misjonslam, misjonshøne, fiskegarn for misjonen). I neste omgang kom kvinneforeiningane inn for alvor. Dei produserer i utgangspunktet helst gjenstandar til bruk for misjonsskuleelevar, misjonærfamiliar, eller til omvende heidningar ute på misjonsmakta (ull-sokkar for Afrika). Etter kvart produserer dei i staden gevinstar som dei lodda ut på basarar/auksjonar og festar for å skaffe pengar. Dette vart jamvel supplert med gjenstandar som dei kjøpte eller fekk som gåver frå lokale handelsmenn. I alle fall vart det langt viktigare enn før å arrangere festar og basarar med sikte på å samle ikkje berre medlemene i misjonsforeiningane, men heile bygdefolket. Dei trong då eit større møtelokale, til dømes bedehus med stor møtesal og kjøkken. Under dette fall den gamle mannsdominerte medlemsforeiningane for ytremisjon bort. Ein slags rest av dette fanst att i ordninga med at kvinneforeiningane hadde ein mannleg kontaktperson (ofte kalla formann) som formidla dei innsamla pengane, stod fram som møteleiar på basarane, held andakt osv. I Ølve i Kvinnherad vart dei årlege inntektene til ”gamlemisjonen” (Norsk Misjonsselskap) firedobla då kvinneforeininga kom i gang i 1887.⁹

Vi finn litt av den same utviklinga i indremisjonen. Også der betydde pengeinnsamlingar etter kvart meir. Dette hadde samband med at dei skulle bygge og vedlikehalde eit bedehus, men samstundes auka krav frå krins- og sentralorganisasjon som sette i gang større og pengekreivjande tiltak som skular, losjihus for fiskarar o.a. Det er også lett å merke ein tendens til at møta vart lagde om frå dei tradisjonelle oppbyggelege møta til møte med sikte på å aktivisere og verke meir tiltrekkande for ei større målgruppe. Særleg sikta ein seg inn mot ungdomsgruppa med eigne ungdomsmøte, eller etablerte eigne ungdomsforeiningar som underavdelingar. Dette hadde samband med auka konkurranse frå andre organisasjonar, særleg dei frilynde. Jamvel vekkingsmøta vart lagt om, slik at den kristne omvendingsprosessen gjekk fortare. Dette hadde delvis med sjølve forkynningsmåten å gjere, og delvis med bruk av såkalla ”ettermøte” der predikanten og medhjelparane hans dreiv med det vi kan kalle oppfølging av enkeltpersonar.

Små møtereferat i lagsprotokollane kan sjølvstundt av og til gje levande glimt av tilstellingane og korleis dei fungerte i bygdesamfunnet, slik som desse små sitata om basarar frå protokollen til eit par organisasjonar i Kvinnherad.¹⁰

”Saa havde vi basar St. Hans og dertil havde vi udlodning paa Grøt som de foræret melk til, og saa solgte vi den til indtekt for misjonen, saa vi syntes det var godt vi fik insamlet penger til dette

⁹ Døssland 1975: 10–12.

¹⁰ Døssland 1975: 110 og 123.

formaal, thi det er vanskelige tider at faa samle ind noget, deg gud være tak som giver vilje og evne og hans sak maa seire og vi blir nok ikke fatigere for det om vi støtter guds sak” (Kvinneforeining for Norsk Misjonsselskap Bringedalsbygda 1932).


”St.Hansdag havde vi Basar for Hedningemisjonen, det var vores foreningsarbeide og saa gaver, der var ikke fremmøtt saa mange, men vi som var der var flinke at ta lodder saa vi fik alt uttrakt og netto utbytte blev kr. 222,10. Saa vi syntes vi kunne takke gud for gaven han gav” (Kvinneforeining for Norsk misjonsselskap. Bringedalsbygda 1921).

”Den sædvanlige Basar afholdtes 1. November. Udbyttet var meget mindre end de foregaaende Aar, særligen paa Grund av at Landhandler I. Arnesen og Frue var fraværende.”(”Den kirkelige fattigpleie”. Uskedalen 1904).

Organisasjonen og bygdefolket

Eit sentralt poeng her er det vi alt har vore inne på: Tok dei sikte på å få heile bygda til å møte fram på opne tilstellingar? Dersom dei skaffar seg store møtehus, er det eit klart vitnemål om slik målsetjing. Men her må ein også studere reglane for møtehuset nærare. Kor eksklusiv er bruken av møtehuset? Møtehuset kunne i dei fleste tilfelle brukast av andre i bygda, men dei måtte likevel halde seg innanfor dei generelle reglane for huset. Dersom dette var det einaste møtehuset i lokalsamfunnet, kunne organisasjonen som eigde det, styrke den normerande makta si ved å legge føringar på samkomeformene. I bedehus var det i alle fall ikkje lovleg med dans. Politikk var jamnast bannlyst, det same var framvising av spelefilm.


Det er også grunn til å merke seg korleis huset var innretta. Var det slik at tilhøyrarar kunne vere diskre til stades? Var det mogeleg å sitje nokolunde avskjerma bakarst ved døra? Elles kunne galleriet ha ein slik funksjon. Formålet med dette kunne vere å sikre rekruttering. Ungdomar på galleriet kunne bli påverka over tid og til slutt våge seg ned i sjølve møtesalen og omsider gå inn i organisasjonen.¹¹



Årsrapportar og møtebøker kan fortelje om folk møtte fram på tilstellingane til organisasjonen. Rekneskapa kan fortelje om dei også ofra mykje av pengane sine. Det kan også vere av interesse

¹¹ Agedal 1986.

å studere i kva grad offerviljen var avhengig av dei økonomiske konjunkturane. Var folk villige til å yte også i pengeknappe tider? På det vedlagde diagrammet over årlege bruttoinntekter for Ølve misjonsforeining for Norsk Misjonsselskap let nok dei økonomiske konjunkturane seg lese nokså klart. Men det er år med unnatak, kanskje har nokre av dei samanheng med religiøse vekkingar. Under siste krig låg mykje av det andre lagslivet nede, samstundes hadde ikkje folk så mykje å bruke pengar på. Kan hende har også sjølve krigssituasjonen gjort folk meir opptekne av det religiøse (sjå figur 3). Derimot ser det ikkje ut til at økonomiske krisetider i 1930-åra har dempa arbeidet med å reise nye bedehus i Sunnhordland, Hardanger og Voss (sjå figur 4).¹²



Strategiar i samband med møtelysbygging kan vere interessante nok. Korleis var byggestyret for huset samansett? Vi finn døme på at ein også trekte inn folk utanfor den vanlege medlemskrinsen ved slike høve. Innsamlingane kunne til dømes gå for seg ved at ein gjekk rundt med lister. Kor stor skilnad er det mellom summene lagsmedlemene skreiv seg for og det vanlege bygdefolk ville yte? Her kom det nok også an på kven som bar slike lister frå hus til hus. I slutten av 1920-åra skreiv 70 prosent av husstandane i Uskedalen i Kvinnherad seg på innsamlingslista, og summen var ikkje mykje lågare mellom vanlege bygdefolk enn mellom indremisjonsmedlemene.¹³ Kva rolle spela dugnadsinnsats i samband med husbygginga, var det berre lagsmedlemer som deltok?


Organisasjonsmedlemene si rolle i bygdesamfunnet elles

Ungdomslaget i Viddal i Hjørundfjorden på Sunnmøre hadde foredragslag: ”slik at ungdommen som kjem frå laget vårt kan vere tevledyktige med dei som desse måtte komme i umgang med”. Her dreidde det om å oppdra medlemene til aktive samfunnsmenneske. Kva rolle spelte medlemene (eller kom til å spele) i lokalsamfunnet? Her kan vi studere framstående lagsfolk. I kva grad fekk dei verv i politiske organ: kommunestyre, skulestyre osv.? Hadde dei viktige verv i andre typar organisasjonar? Skjedde det endringar over tid her? Kanskje møtte dei aukande konkurranse frå andre med annan type bakgrunn. Er endringar i representasjonen her teikn på

¹² Døssland 1975: 120–122 og 211.

¹³ Døssland 1975: 136–38.

aukande/minkande normerende makt? Av diagrammet ser vi at indremisjonsfolk hadde ei svært sterk stilling i kommunestyret i Kvinnherad fram til ca. 1920, deretter synest det å ha minka. Truleg må denne gruppa si normerende makt ha minka. Likevel skal vi merke oss at samstundes som indremisjonsfolket stod svakt i kommunestyret, var dei sterkt representert på andre sektorar som t.d. i skulestyret og soknerådet (sjå figur 5).¹⁴



Her må ein likevel føye til at ein må vere varsam med å hevde at ein person kom inn i kommunestyret eller andre valde organ berre fordi han t.d. var indremisjonsmann. Kanskje var det viktigare kva grend han kom frå, eller kva yrkesgruppe han hørte til. Klare tendensar til over- eller underrepresentasjon av lagsmedlemer i folkevalde organ er likevel opplagt interessant, om ein vil seie noko om laget sin posisjon i lokalsamfunnet. For ein del type organisasjonar kan også problematikken vere omvendt av det som er skissert her: at ein prøver å trekke til seg medlemer som alt på førehand har posisjon, for å sikre sterkare plattform for organisasjonen i lokalsamfunnet.

Dei kristelege og frilynde laga i endring

På bakgrunn av det vi til no har trekt fram vil vi i resten av notatet fokusere spesielt på skilnader mellom to organisasjonstypar: dei lekmannskristelege organisasjonane og den frilynde rørsla. Jon Tvinnereim har skrive om den frilynde ungdomsrørsla på Nordvestlandet, og dels på landsplan, i den tidlege fasen.¹⁵ Men vi vil sjå på korleis rørsla utvikla seg vidare i mellomkrigsåra. I tillegg vil vi vurdere denne utviklinga som ein viss kontrast til utviklinga i den ideologiske motpolen til dei frilynde: den kristelege lekmannsrørsla.

Det er nemleg ikkje tvil om at dei frilynde ungdomslaga kom til å utgjere ein slik motpol til dei eldre kristelege organisasjonane i mange lokalsamfunn.¹⁶ I spenningsfeltet mellom desse polane finn ein gjerne andre organisasjonar. Nærast dei frilynde og ofte som direkte avleggarar kan ein finne ikkje-ideologiske organisasjonar som idrettslag, songlag, og i noko større avstand: fråhaldslosjane. Nærare dei kristelege synest fråhaldslaga knytt til DNT å ha stått. Dette kunne syne att på møteform, møtestad og vil venteleg også komme fram gjennom analyse av medlemsmassane. I

¹⁴ Døssland 1975: 177–88.

¹⁵ Tvinnereim 1981.

¹⁶ Sjå t.d. Døssland 1977: 9–10.

mange bygdesamfunn særleg på Austlandet og i Trøndelag kom også seinare arbeidarrørsla inn og utgjorde ein tredje pol i god avstand både til dei kristelege og dei frilynde. Hans Hosar gjev ein interessant analyse av dei frivillige organisasjonane i Skjåk som ledd i ulike delkulturar i mellomkrigstida. Han prøver å finne mønster i overlappingar i medlemsstokken til dei ymse organisasjonane. I tillegg kjem også dei som stod utanfor alle organisasjonane, ”rabbagast-kulturen”. Han trekker også inn klassesdeling og klassemotsetningar i dette biletet, utan at mønsteret vert heilt eintydig.¹⁷

Men organisasjonane til dei to folkerørslene vi har trekt fram som motpolar, kom til å utvikla seg temmeleg ulikt i dei fleste lokalsamfunn. Om vi på nytt bruker Kvinnherad kommune som døme, finn vi at det i 1890 fanst 18 kristelege foreiningar. 10 av desse var arbeidsforeiningar for kvinner. I 1930 var talet på kristelege organisasjonar tredobla. No var det i alt 55 foreiningar. Talet på kvinneforeiningar hadde auka mest – det var firedobla. Det samla talet på personar som var knytte til rørsla var neppe auka tilsvarande. Her er det altså snakk om ei kraftig forgreining. Endå klarare ser vi dette når vil les årsmeldingane til eit par av indremisjonsforeiningane i kommunen på to ulike tidspunkt.

For Ølve misjonsforeining heiter det i 1893: ”Om virksomheten inden foreningen er det ikke stort at bemerke. Et par af bestyrelsens medlemmer har holdt en del oppbyggelsesmøder i årets løb. Ellers har kretsen havt besøg af emisærer udsendte af hovedkretsen til at virke i Ølve og Fuglebergsbygden”.¹⁸

I årsmeldingar for Uskedalen indremisjonsforeining skriv leiaren i 1945:

”Det har vore 136 møte i Bedehuset, 25 på Haugland og 4 på Rød (...) Møti fordelte seg slik: 28 bønemøte, 26 formiddags sundagsmøte, 25 møte på Haugland og 4 på Rød. Resten fell på Ungdomslaget [dvs. indremisjonsungdomslaget] og andre møter. Yngreslag, songlag og losje og fråhaldslag er ikkje medtekne her.” Det går fram at møta har vore i regi av fleire misjionsgreiner og kristelege organisasjonar, og svært ofte med tilreisande talarar, men det har også vore 6 store festar og 5 basarar. Det er grunn til å merke seg at indremisjonen ser seg som eit slags overordna organ for all kristeleg verksemd i bygda og at dei venteleg difor også tek med møte og tilstellingar for dei andre misjionsgreinene i årsmeldinga.¹⁹

Sitata fortel ikkje berre om ei sterk forgreining, men i tillegg også om ein voldsom auke i sjølve verksemda til kvart lag. Vi anar også at organisasjonen på krins- eller landsplan i større grad enn før regisserer eller plantar inn verksemd på lokalt plan. Kringreisande såkalla sekretærar, emissærar og andre talarar er viktige. Dette er sjølvstøtt og også aktivitet som krev større overføringar av pengar frå lokallaga.

I høve til det vi har sett på den kristelege sida, kan verksemda i dei frilynde ungdomslaga verke statistisk. Dei fleste frilynde ungdomslaga kom i gang i dei siste par tiåra på 1800-talet og det fyrste tiåret på 1900-talet. Når vi kjem fram til 1930-åra, vil vi stort sett finne dei same laga utan ein-

¹⁷ Hosar 1991.

¹⁸ Døssland 1975: 85.

¹⁹ Døssland 1975: 85–86.

tydige endringar i møtefrekvens. Kan vi dermed snakke om ei dynamisk og ekspansiv kristeleg lekmannsrørsla og ei tidleg tilstivna frilyndt ungdomsrørsla?

Det vi må sjå nærare på er altså:

1. Kva ligg bak det vi overflatisk kalla forgreining og auka aktivitet i den kristelege lekmannsrørsla?
2. Kva ligg bak den frilynde stagnasjonen? Er han reell også om vi ser på innhaldet i verksemda?

Det høyrer likevel med å presisere at dei frilynde og dei kristelege laga slett ikkje var jamvektige motpolar i dei ymse lokalsamfunna rundt om i landet. Gabriel Øydne viste i den klassiske artikkelen sin frå 1957 korleis det gjekk eit skilje mellom ("den mørke") kyststripa og eit "Fjell og fjord-Noreg". Den kristelege lekmannsrørsla dominerte ved kysten, medan den frilynde ungdomsrørsla ofte fekk svært vanskelege arbeidsvilkår der. Øydne kalla Fjell og fjord-Noreg for "folkehøgskuleregionen", og her hadde dei frilynde sterk posisjon, medan dei kristelege stod tilsvarende svakt.²⁰ På Agder var denne skilnaden mellom ytre og indre strok mindre merkande.²¹ I Skjåk t.d. ser det ut til at dei kristelege organisasjonane spela ei underordna rolle, i alle høve indremisjonen. Derimot var dei ymse kvinneforeningane for misjon ein viktig del av kvinnekulturen i bygda, til ein viss grad på tvers av delkulturar elles.²²

Dei bygdeinterne årsakene til omlegging i kristlege organisasjonar

Dei kristelege synest å ha hatt ein eineståande og heldig posisjon, i alle høve i det vestnorske bygdesamfunnet på slutten av 1800-talet. Dei var utan organisert motvekt og møtte ikkje klar konkurranse. Dei hadde ikkje nemnande vanskar med å samle folk. Dei fylte på si ufullkomne vis eit akutt sosialt behov. Folk, særleg ungdomen, var på leit etter hendingar. Eit oppbyggeleg møte var like bra som noko anna. Difor kom gjerne både "vakte" og "uvakte" i alle fall på stovemøte med tilreisande talarar. Var talaren ein verkeleg vekkingspredikant, hadde han stor sjanse til å oppnå resultat.

"Hans Toska heldt møte i Perasstova. Det var mykje folk. Ei seng var full med ungar. (...) Det var mykje folk i kjellaren, særleg ungdom, og golvet var so gise at dei høyrde godt der. Dei lika seg like godt der som oppe hjå talaren".²³

Dei kristelege brydde seg difor ikkje ein gong alltid med å organisere verksemda si på formelt vis. Dei let det heile gå sin vante gang, langt på veg etter gammal haugiansk tradisjon, med dei gamle som sjølvskrivne leiarar. Det vart difor litt av ei forskrekking for dei leiande då dei brått fekk konkurranse frå det nyskipa frilynde ungdomslaget. Møteforma til ungdomslaget verka

²⁰ Øydne 1957 (1986): 46.

²¹ Seland 2006: 330–58.

²² Hosar 1991.

²³ Døssland 1975: 125.

tydelegvis meir attraktivt på ungdomen. ”Det frisindede ungdomsarbeid synes virke hindrende”, klaga misjonsfolket i Uskedalen i Kvinnherad kring 1900.²⁴

Det heile vart difor oppfatta i fyrste rekke som ein generasjonsmotsetnad – også til dømes i Sogndal. Ungdomslagsmedlemene der forsvarte seg i avisa i 1892 med eit innlegg som starta slik: ”Til våre gamle. De har i lang tid sett med skeive auge på ungdomslaget vårt (...)”.²⁵

Men dette vart ei omstillingstid. Det kristelege lekfolket tok smått om senn konsekvensen av den nye situasjonen. Dei formaliserte organisasjonen sin og auka aktiviteten. Ikkje minst supplerte dei gamle og hevdvunne møteformer med nye som kunne verke lokkande på ungdommen. Dei henta gjerne idear frå dei frilynde møteformene og arrangerte eigne ungdomsmøte eller starta eigne ungdomsforeiningar som underavdelingar til indremisjonen. Her var det innslag av song, musikk, lagsavis og frie vitnemål, dvs. aktivisering av møtelyden. Dette krov mykje arbeid, og slik aktivitet gjekk difor i bølgerørslar.

Det er ikkje urimeleg å sjå omleggingane i sjølve dei religiøse massevekkingane i denne samanhengen. Endå det overordna målet sjølvstakt var å omvende så mange som råd, var det samstundes nettopp slike vekkingar som skulle tene til rekruttering til den indre krinsen i organisasjonen.²⁶

Dei bygdeeksterne årsakene til omlegging

Dei kristelege organisasjonane vart etter kvart effektive på krins- og landsplan. Felles for desse var at dei sette i gang tiltak, anten det var på misjonsmarka eller i heimlandet, som stadig krov meir pengar. Og tilskota frå lokallaga var avgjerande. Også i denne samanhengen var det viktig for lokallaga med auka rekruttering, men dette tvinga også fram vesentlege endringar i møteform. Ein måtte satse på tilstellingar der pengeinnsamling stod i sentrum og der målgruppa var heile bygdesamfunnet. Dette sette også krav til møtelokale. Kostnadene med å bygge eige møtehus – bedehus – var elles i seg sjølv noko som også medførte pengeinnsamling.²⁷

Forgreininga innan lekmannsrørsla førte også til ei viss indre rivalisering og til konkurranse. Dei nye misjonsgreinene var ikkje alltid så populære mellom dei som alt hadde etablert seg (på marknaden). Nokre gonger dreidde det seg også om ein viss lærestrid. Kinamisjonen (Misjons-sambandet), med sitt markert lågkyrkjelege syn var lenge eit utskot, og dette vart forsterka ved nattverdsstriden frå 1906. Vi kan likevel tale om ein legaliseringsprosess: etter kvart vart også Kinamisjonen godteken. I bygdesamfunnet melde det seg trong for å samordne misjonsarbeidet, mellom anna ved å fordele dei mange basarane over året. Vi høyrer gjete møte med slikt samordnande formål. Ofte var det slik, som vi alt har nemnt, at indremisjonslaget såg seg som ein slags overordna og samordnande instans, sjølv om dette neppe var formalisert.

²⁴ Døssland 1975: 171–72.

²⁵ Offerdal mfl. 1978.

²⁶ Døssland 1977: 10–11.

²⁷ Døssland 1977: 11–19.

Dei frilynde i ideologiseringsfasen

Dei frilynde ungdomslaga hadde ikkje det same ytre presset og var heller ikkje prega av tilsvarande indre oppsplitting med tilhøyrande rivalisering som den kristelege lekmanrørsla. Dei hadde heller ikkje så pengekreivjande sentralorganisasjonar som dei kristelege laga. Her var det andre problem.

Eg har her kalla dei frilynde laga ”ideologiske organisasjonar”. Ikkje alle er samde i det. Anders Kirkhusmo grupperer dei frilynde som ”tidtrøyteorganisasjonar”. Det kan sjå ut til at Jon Tvinnereim langt på veg er samd i dette når det gjeld den tidlege frilynde rørsla. Det dreidde seg dels om å komme saman og ha det moro. Hovudformålet skulle likevel vere ”å hjelpe ungdommen til opplysning og oppseding gjennom lagsarbeid”.²⁸ Dette synest også Mona Klippenberg å vere samd i. Ho har særleg studert den frilynde rørsla i Nord-Trøndelag. Det politiske slagordet ”ut or unionane” vart skapt av ein elite i Noregs Ungdomslag, medan grasrota i rørsla var imot å engasjere seg politisk, hevdar ho. Men grasrota kom gjennom medlemsskapet i Noregs Ungdomslag til å ”virke som redskap for eliten.” Likevel seier ho at dei frilynde ungdomslaga rundt om i landet betydde mykje for å utvikle nordmenns nasjonalkjensle fram mot 1905, endå formålet deira særleg var å opplyse og danne landsungdomen – gjere dei til nyttige samfunnsborgarar med sunne interesser. Det var viktig at denne danninga hadde bondekulturen som utgangspunkt og ikkje den ”unorske” bykulturen.²⁹ Derimot har Kjell Haugland markert eit anna syn når det gjeld dei frilynde ungdomslaga i Oppdal. Han hevdar at dei tidlege ungdomslaga der ikkje var noko danse- og pratelag som primært skulle gje medlemene ”ein stad å vere” og dekke eit sosialt behov. Likevel skil han mellom ein elite og den vanlege lagsmedlemen: ”blant medlemmene har vi også ein kjerne av intellektuelt vakne og interesserte og politisk venstreorienterte ungdommar, som bruker ungdomslaget medvite til å arbeide for dei nasjonale og demokratiske merkesakene i tida”.³⁰

Det er i alle fall klart at rørsla på landsplan får så sterke merkesaker at dette også verkar inn på dei lokallaga der ideologien til den tid hadde vore mindre framme. Frå denne tida, rundt hundre-årsskiftet, må det såleis vere rett å kalle dei fleste frilynde ungdomslaga landet over for ideologiske organisasjonar. Det dreidde seg om frilynd, dvs. grundtvigiansk prega kristendom med brodd mot den kristelege lekmanrørsla som dei ynda å kalle ”pietistane”. Endå viktigare var det nasjonale strevet i nær samanheng med venstrepolitikken fram mot 1905. Dei stod også for nasjonalt strev reint kulturelt: bygdekultur vart sett opp mot bykultur i song, historie, folkedans og ikkje minst språk (målrørsla). Dessutan arbeidde dei frilynde målmedvite for allmenn folkeleg opplysning. Dermed fanga rørsla opp politiske straumdrag som var i veldig vokster fram til 1905 og i den næraste tida etterpå. Eller kanskje det er rettare å seie at rørsla vart fanga opp av slike politiske stemningar og vart reiskap for desse. Dette vart i alle høve verkeleg fengande merkesaker. Det var særleg lærarane som såg si oppgåve her. Dei var svært ofte initiativtakarar og drivkrefter. Dei dominerte heilt mellom dei tidlege leiarane. I Lærdal såg ungdommen seg ikkje i stand til å starte ungdomslag fordi det ikkje fanst nokon lærar til å gå i brodden, heiter det i ein

²⁸ Tvinnereim 1981: 46–52.

²⁹ Klippenberg 1998: 370.

³⁰ Haugland 1996: 98–100.

rapport. Dette var læraren si stordomstid som kulturell og ideologisk pott og panne i lokalsamfunna. Vi kan snakke om ei intellektualisering.

Gløden var utan tvil til stades også mellom dei vanlege lagsmedlemene. Men denne gløden var vanskeleg å halde på i lengda når den viktigaste nasjonale kampsaka var vunne i 1905. Vi skal følge Åmdalen ungdomslag i Ørsta gjennom årsmeldingane i nokre år frametter.

Dei frilynde i avideologiseringsfasen

Åmdalen ungdomslag starta i 1908 med den nasjonale gløden i full blomstring og, som vi kunne vente, med læraren i spissen. Det stod for foredrag, diskusjonsmøte, kveldsskule for allmenn opplysning og opplæring i landsmål. Vidare fekk lagsmedlemene i stand boksamling, eige songlag og dreiv også eit fråhaldslag som underavdeling.

Så anar vi ein viss tilbakegang i medlemstal frå 1914 og utetter. I årsmeldingane klagar dei over ungdom som helst vil ha berre moro og danse på ei eller anna trebru i området. Og i 1914, framleis med det gamle leiarsjiktet ved roret, hadde dei diskusjonskveld med temaet: ”Kvar vart det av fedrelandskjærleiken, og kva kan me gjere for å få han oppatt?”

Men dei har nok ikkje makta å live han opp att slik dei ville. Klagene held fram: ”Dei åndelege interessene er helst små”. Kring 1920 trur leiarane at det må meir hjelp til utanfrå for å få sving på lagslivet. Etter kvart kjem også eit generasjonsskifte: ”Her manglar leiarkrefter. Eldre medlemmer trekker seg meir og meir ut”. (Her hadde det sjølvsagt vore interessant med ein medlemsanalyse av laget.)

Lærarens og ideologiens stordomstid var ute. Kanskje kan vi snakke om ei avideologisering eller avintellektualisering? Sagt på ein annan måte, var laget i ferd med å miste den ideologiske plattformen og var på leit etter ein ny. Den tidlegare leiaren og læraren såg nok også dette og skreiv alt i 1916 trøystefullt i brev til laget: ”Eg kjenner meg sikker på, at de finn eit kvart å arbeide for, og når de hev noko å arbeide for, så finn de alltid noko å tala um”.

Kriseåra skleid også rett nok over til sist, og laget fann nye arbeidsoppgåver, men vi kan neppe snakke om ny ideologi. Den viktigaste nye oppgåva, som lenge synest å ha vore nok i seg sjølv, var arbeidet med å skaffe eit eige hus. Dette kan ein kalle sjølvopphaldingsdrift: laget var til for lagets eigen del. Den tradisjonelle lagsdrifta var ikkje som før. I årsmeldingane skriv dei at det går trått i ordskifte, men det er god lagsånd. Økonomien vart no viktigare enn før. Dei la dessutan mykje arbeid i festar med program o.l. Ein kvinneleg lagsmedlem skriv i lagsavisa i 1931: ”So er det sume som seier at me tener ikkje noko på desse festane, me må ha noko som me tener pengar på, for det er det me treng. Men me fer ikkje late det gå så vidt, at me berre tek umsyn til pengane, og så gløymer alt det andre som eit ungdomslag hev å arbeide for». Likevel er ho sjølv gripen av den nye ånda når ho føyer til lenger ut: «men fyrst og fremst hev me vårt eige hus å verne um, å halde i stand (...) Elles skal me så langt me rekk, vere med å stydje andre gode fyremål”.

Laget synest, på den eine sida, å ha særleg omsut for meir praktisk retta oppgåver i den denne økonomiske krisetida. Dei startar snikkarkurs, vevkurs, kurs i linspinning, altså tiltak som kan

hjelpe lagsmedlemen å stå på egne bein reint materielt. På den andre sida vert det mindre av foredrag og diskusjonar og meir av underhaldningstiltak som skodespel (helst bondekomediar) og folkeleikkurs. Dessutan var det krefter i gang for å forandre lovene slik at dei fekk meir dans. Etter huslova for det nye ungdomshuset kunne dei ha tre reine dansefestar i året (dvs. utan program). Likevel går det tydeleg fram at dei eigentleg hadde fleire. Dette var imot lovene i Noregs ungdomslag, der det så seint som i 1931 var stadfesta at dans skulle vere ulovleg, bortsett frå folkedans. Dansefestane var i seg sjølv ei viktig inntektskjelde også fordi dei etter kvart samla langt fleire enn berre bygdeungdomen. ”Me var ikkje ei grend åleine lenger. Bilane hadde kome til, og det strøymde på med ungdomar frå andre grender”, heiter det i jubileumsskrivet (Aamdal 1982).

No var laget langt på veg verkeleg blitt ein plass å møtast for å få underhaldning og ha det moro – eit tidtrøytelag for å bruke Anders Kirkhusmo sin karakteristikk. Eg hadde ikkje trekt fram dette einskildlaget, om eg ikkje meinte det var bra representativt. Sjå berre kva som står i eit avisinnlegg om tilsvarande lag i Sogndal i 1921:

”I det siste hev det vorte noko verre å drive ungdomslag på denne høgstemde, nasjonale og eldfulle måte. Det politiske liv hev i det siste vorte meir klassepolitikk, særleg om økonomiske spørsmål. Og dette ligg ikkje for ungdomen, so det politiske liv hev liten innverknad på arbeidet i ungdomslaget”. (Sjå vedlegget til dette notatet.)

I eit studentarbeid om dei frivillige organisasjonane i Sogndal konkluderer forfatarane med at ein kan skilje mellom to hovudfasar: den eine går fram til ca. 1912 og den siste startar kring 1921. Den mellomliggande tida er vel då ein overgangsfase. I den første fasen dominerte folkeoppdragning og nasjonalt strev, og i den siste kom det økonomiske aspektet mykje meir inn med basarar og marknader medan det vart mindre vanlege lagsmøte. ”Så ein kan vel seie at det var laget og framgangen til dette som stod i sentrum etter 1921, medan det før var framgangen til det enkelte individ som hadde stått i sentrum”.³¹

Vi kan gjerne også føye til at Eidsdal ungdomslag på indre Sunnmøre i følge jubileumsskrivet hadde ei likande utvikling, men her må den politiske interessa ha vore større: Dei nasjonale, historiske og allmennopplysande foredraga vart avløyste av meir samfunnsprega og politisk orienterte, heiter det. Men interessa for foredraga vart generelt mindre mot slutten av perioden. Det var kring tre debattmøte i året i byrjinga, men etter 1920 var det nesten ingen. I byrjinga dreiv dei kveldsskule for allmennopplysning, men frå 1920 dominerte kurs i folkeviseleik, trearbeid og vev. Frå 1920 endra dei forbodet mot dans. I lagsavisa minka det på stoff ”som hadde med moral og livssyn å gjere”. I staden kom underhaldningsstoff og politisk stoff.

³¹ Offerdal mfl. 1978.

Konklusjon

Dei tilsynelatande stabile og uforanderlege ungdomslaga viser seg altså å ha vore igjennom nokså vesentlege endringar i innhald og funksjon. For deira del var det knapt press frå den landsomfattande organisasjonen (Noregs ungdomslag) som verka avgjerande, sjølv om ein også der retta seg inn etter det nye. Forandringspresset kom heller nedanfrå.

Prosessen i lokallaga kan takast som døme på kva problem som oppstår i ein organisasjon som er grunna på ikkje-varige kjernesaker. Organisasjonen må rett og slett finne ein ny plattform når dei gamle sakene ikkje er så aktuelle lenger, eller ikkje fenger meir. Men ungdomslaga overlevde denne omstillinga ved å falle tilbake til dei meir sosiale funksjonane og å mobilisere ungdomen i arbeid for eige møtehus og likande, medan ideologien vart klart nedtona. Dei kristelege laga og fråhaldslaga hadde det lettare slik, deira ideologi og kjernesaker var av meir varig karakter, endå mange fråhaldslag fekk tilbakeslag i verksemda etter forbodsavstemming i 1926, og i dag ligg dei fleste nede.

Det ser ut til å ha minka med den kjensleladde striden mellom dei to klare motpolane i lokalsamfunna. Kjell Haugland har truleg rett i at ein i alle høve frå 1930-åra var komne over i ein fase prega av gjensidig akseptering. ”Dei frilynde og dei kristelege dreiv kvar på sin kant og let kvarandre i fred”.³² Det er klart at ein også må sjå mange av dei endringane vi har vore inne på med den generelle samfunnsutviklinga som bakteppe. Det dreidde seg om vesentlege økonomiske og sosiale endringar. Økonomiske og klasseprega motsetningar spela ei viktigare rolle også i bygdesamfunna i 1930-åra enn tidlegare.

Utviklinga av dei ideologiske organisasjonane eller folkerørslene i etterkrigstida er også av stor interesse. Det offentlege har fått meir å seie for kulturtilbodet i lokalsamfunna, med eigen kulturadministrasjon, samfunnshus, kommunale ungdomsklubbar og som forvaltarar av tilskot frå stat og kommune. Fleire av dei ideologiske organisasjonane har hatt store vanskar med å halde oppe verksemda, ikkje minst gjeld dette dei frilynde ungdomslaga. Ein kan tale om ei avideologisering i heile samfunnet. Underhaldningstilbod via massemedia, særleg fjernsyn, heimevideo, videospel, og i det siste internettilkobla heime-PC, har overteke vesentlege sider av underhaldningsfunksjonen. I tillegg har hotell, restaurantar og kjøpesenter med sine kommersialiserte tilbod overteke som møtestader for ungdom. Til gjengjeld eksisterer det eit mylder av det vi kan kalle særinteresseorganisasjonar, t.d. astma- og allergiforeining, jazzklubb, rideklubb, pistolklubb o.a. I tillegg har det auka med lukka organisasjonar som ”Lions” og ”Rotary” også i mange bygdesamfunn, av og til med eigne organisasjonar for kvinner, som ”Inner Wheel”. Men truleg er det store variasjonar mellom ulike bygdesamfunn: til dømes skilnader mellom utkantar og bygdesenteret (bygdebyen). I byane er det også ofte stor skilnad mellom bydelar, til dømes dei gamle etablerte bydelane og drabantbyar.

³² Haugland 1998: 113.

Litteratur

- Bering, Bjørn. 1989. Arkivene etter lokale lag og organisasjoner. *Heimen* 3.
- Bø, Olav, Andreas Ropeid, Lily Aal (red.). 1967. *I manns minne I*.
- Døssland, Atle. 1975. *Den organiserte lekmannsrørsla i eit vestnorsk bygdesamfunn ca. 1890–1945. Ei gransking frå Kvinnherad kommune*. Hovudfagsoppgåve i historie ved Universitetet i Trondheim 1975. Også trykt som publikasjon nr 3 Møre og Romsdal Distriktshøgskule 1980.
- Døssland, Atle. 1977. Organisert lekmannsrørslle i Kvinnherad ca. 1890–1945. *Sunnhordland årbok*: 7–29.
- Døssland, Atle. 1986. Dissentarar i ei vestlandsbygd. Volda, eit unntak frå ein historisk hovudregel. I Olaf Aagedal (red.), *Bedehuset. Rørsla, bygda, folket*: 173–88.
- Haugland, Kjell. 1996. ”Oppdal, bøgda mi –” *Modernisering, nasjonsbygging og identitetsdanning i ei sørtrøndersk fjellbygd ca. 1860-1914*. KULT-skriftserie nr. 64.
- Hosar, Hans. 1991. Klasse, grend og kjønn? Danning av delkulturar blant bygdefolket i Skjåk 1890–1940. I Liv Marthinsen og Harald Winge (red.), *Bygdesamfunnet – en sammensatt helhet*: 71–133.
- Kirkhusmo, Anders. 1977. Kulturliv og organisasjonsmønster i lokalsamfunnet. I Rolf Fladby og Harald Winge (red.), *Lokalsamfunn under omstøpning. Den nyeste tids lokalhistorie*: 104–120.
- Klippenberg, Mona. 1998. ”Ut or unionane?” Den frilynte ungdomsrørsla i framvekstårene. I Øystein Sørensen (red.), *Jakten på det norske. Perspektiver på utviklinga av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet*: 367–370.
- Offerdal; Kirsten; Skjellstad, Erik; Klovning, Inge. 1978. Lag med allmennkulturelt innhald. Sogndal ungdomslag. I: *Framveksten av frivillige organisasjonar i Sogndal*. Prosjektoppgåve i lokalhistorie, Sogn og Fjordane distriktshøgskule.
- Seland, Bjørg. 2006. *Religion på det frie marked. Folkelig pietisme og bedehuskultur*.
- Slettan, Dagfinn. 1977. Muntlig kjeldestoff. I Rolf Fladby og Harald Winge (red.), *Lokalsamfunn under omstøpning. Den nyeste tids lokalhistorie*: 62–81.
- Try, Hans. 1985. *Assosiasjonsånd og foreningsvekst i Norge. Forskningsoversyn og perspektiv*.
- Tvinnereim, Jon. 1981. *Ei folkerørslle blir til. Den frilynde ungdomsrørsla på Nordvestlandet*.
- Øydne, Gabriel. 1980. Litt om motsetningane mellom Austlandet og Vestlandet. *Syn og Segn* 1957. Trykt på nytt i Olaf Aagedal (red.), *Bedehuset. Rørsla, bygda, folket* (1986): 40–58.
- Aagedal, Olaf. Galleriet som vart vekke. *Kirke og kultur* 4: 201–14.
- Aamdal E. (red.). 1982: *Aamdal Ungdomslag gjennom 75 år*.

Vedlegg: Avisinnlegg om den frilynde ungdomsrørsla. Sogndal 1921.

(Frå Kirsten Offerdal, Erik Skjellstad, Inge Klovning: Lag med allmennkulturelle formål. Sogndal ungdomslag. I: Framveksten av frivillige organisasjonar i Sogndal. Prosjektarbeid ved Sogn og Fjordane distriktshøgskule 1978.)

Um ungdomslag hev det i eit par nr. vore skrive stykke her. Båe stykke tyder på at det ikkje gjeng så godt i lagi kringom i landet og her i bygdene som det gjorde før. Dette er det visstnok noko i, og det er utan tvil mangt som er medverkande.

Dei som gjekk i brodden for ungdomslaga då desse tok til for om lag 30 år sidan, var nasjonalt nyvekta og interesserte menn. Dei var sterkt påverka av det nasjonale liv og den politiske rørsla i 80-åra - visseleg den mest livfulle tid her hev vore i landet sidan 1814. Korkje i 1905 eller i krisetidene seinare hev stridsbyljene mellom dei ymse tankar og syn gjenge so høgt som i den tida. Det var då dei på politiske møte heldt tale med ordskifte døgnet rundt med slikt liv – som om Noregs lagnad skulle verta avgjord på desse møta for all framtid. Mykje fekk visstnok også desse folkemøta å seia for avgjerdene. Det var noko av dette liv som vart ført inn i ungdomslaga, ja som mange stader også starta laga. Denne hugen til ordskifte skapa også verdfulle grunnlag for arbeidet i laga. Og nye, friske, ubrukta emne var det nok av. Emne som målsaka, kvinnesaka, røysteretten, flaggsaka, sambandet med Sverige, republikken eller kongedømme og mange fleire.

Ånda frå ordskifta gjekk so att i dei handskrivne blada, som var framifrå gode talsmenn for ungdomens nasjonale hugmål. Det var lite tid til runddans og slikt noko. Ungdomen var nøgd når han til byte på ein fest, fekk seg ein marsj til nasjonale tonar, ein barneleik som ”skjere havre” eller liknande.

I det siste hev det vorte noko verre å drive ungdomslag på denne høgstemde, nasjonale og eldfulle måte. Det politiske liv hev i det siste vorte meir klassepolitikk, særleg om økonomiske spørsmål. Og dette ligg ikkje for ungdomen, so det politiske liv hev liten innverknad på arbeidet i ungdomslaga.

Og dei emne til ordskifte som før er nemnde, gjeld myke saker som er gjennomførde. Dertil kjem at ungdomen i dei seinare år hev kløyvt seg meir mellom mange lag. So hev det vorte for få av dei beste på kvart lag. Men trass i alt so er der framleis ikkje so lite nasjonalt liv i ungdomen. Det hev synt seg i desse dagar, på dei store ungdomsgåver som hev strøymt inn til Arne Garborg. Og ungdomslaget bør sjå å halde fram (...).